

NATUR OG UNGDOM ble stiftet i 1967, tilknyttet Norges naturvernforbund. Miljøvernorganisasjon med 7000 medlemmer. NU jobber for å begrense de menneskeskapte klimaendringene og for å ta vare på naturmangfoldet. Noen tidligere ledere: Bjart Holtsmark (1977), Haakon Vennemo (1982), Heidi Sørensen (1993-94), Lars Håltbrekken (1995-96), Silje Schei Tveitdal (1997-98), Einar Håndlykken (1999-2000).

FORNYBARDIREKTIVET (Direktiv 2009/28/EC) innebærer at EU-landene samlet skal øke andelen fornybar energi fra vann, vind og sol til 20 prosent innen 2020. Tyskland for eksempel fra seks til 18 prosent. Norges fornybarandel på 58 prosent skal øke til 67,5 prosent. I diskusjonene om ELs energipolitikk nevnes Norge stadig oftere som «et grønt batteri».

” Tiden for nye store vannkraft-utbygginger i Norge er over. Statsminister Jens Stoltenberg i nyttårstalen 2001

Norge skal bli Europas grønne batteri ved å produsere kraft etter toalettmetoden: Fyll opp magasinene med vann, skylt ned på ein gong, pump det opp igjen og bruk det om att og om att.

Langreist strøm av gjenbrukt vann

VANNKRAFT



Andreas Hompland
hompland@online.no

KLIMAMELDINGA KOM til slutt. Alle skal med i eit krafttak for å redusere utslappa. Det programmatisk målet er framleis at to tredel av CO₂-reduksjonen skal tas innanlands, sjøl om mange er mot, og få trur på det.

Det skal satsast på moralsk opprusting og kollektivtransport, og det skal koma eit statlig fond til støtte for ombygging av norsk industri i grønare og klimavennlig retning. Miljøorganisasjonane etterdyser elektrifisering av sokkelen, for oljeindustrien, som er Norges største klimafureinar, går stort sett fri. Men uansett vil alt dette bare vera småplukk i den store, europeiske og globale samanhengen.

EUROPA SKAL satsa på fornybar energi; det er eit direktiv frå EU. Problemet med fornybar energi frå sol og vind er at den må brukast der og då. Kraft som blir produsert når det er vind og når sola skin, kan ikkje lagrast til overskyt og stille dagar. Kraftverk som fyrer med kol og atom er meir pålitelige slik, men i motsetning til vannkraft må dei dura og gå og kan ikkje stengast av og på til stadighet. Løysinga er å samkøyra alle systema og bruka norske vannkraftmagasin som lagringsplass.

Alt i dag er Norge eit slags grønt reservebatteri for Danmark i eit fleksibelt bytjesystem. Når vindmøllene går der, blir noe av krafta importert til Norge gjennom kablane over Skagerrak. Når det er vindstille i Danmark, sender vi vannkraft tilbake.

NORGE SOM GRØNT BATTERI for Europa, og særleg for Tyskland, har heilt andre dimensjonar. Det er ikkje bare tale om å bruka vindkraft frå kontinentet når det blåser der, og vannkraft frå Norge når det er vindstille. Planen er at når det er lite forbruk og låge kraftprisar elles i det nordlige Europa, kan vindkrafta «overførast» til den norske fjellheimen. Billig energi skal brukast til å pumpa opp vann til magasinene og lagrast der til krafta trengs og prisane stig – etter sesong, men også på døgnbasis.

Det blir kraftproduksjon etter toalettmetoden: Spylt ned og fyll på igjen. Monstermastene i Hardanger er bare ein forsmak på nye og oppgraderte kraftlinjer på kryss og tvers, til skade for næringsdrift, estetikk og turisme. Lokale

næringsdrift med hytter, hogst og snøskutepor er bagatellar i samanlikning.

Det trengst også enorme investeringar og utbygging av tunnelar, pumpestasjonar og fjellhallar til generatorane. Entreprenørane ser for seg anleggs- og industriprosjekt som kan måla seg med Nordsjøen i verdi.

Kraftlinjer er historiske spor etter utbygginga og moderniseringa av det norske samfunnet. Frå stadig større kraftanlegg førte linjenettet straum til lys og varme i byar og avkrokar, og store mengder elektrisitet til den kraftslukande industrien langs fjordane. Derfor hadde kraftlinjene høg legitimitet: Å vera mot dei var å vera mot det solidariske prosjektet for vekst og velstand i alle delar av landet.

Dei nye overføringslinjene og sjøkablane til Storbritannia og kontinentet er ikkje ei vidareføring av dette prosjektet. Dei skal ikkje spreia velstand, men føra krafta bort frå kraftbygdene og industristadene, til sokkelen og kontinentet. Regimet klyngar seg til den historiske forkjærretten for anleggsvegar og kraftlinjer, sjøl om det har endra mål frå forsyning til forreining. Straumen vil bli mye dyrare for norske forbrukarar, men norske og internasjonale energiselskap vil tena meir.

STATNETT, STATKRAFT og andre kraftselskap jublar, mens Staten, Stoltenberg og Borten Moe klappar. Dei møter motbør frå Forum for natur og friluftsliv som representerer 600 000 speidarar, jegerar og fiskarar, naturverngrupper og turistforeningar og har Kristin Krohn Devold som forsvarsminister. Men deira rop i skogen er som kamp mot vindmøller: «I de kommande år er klimatiltakene en større trussel mot norsk natur enn klimaendringene».

KLIMAKORSET trumfar alt for tida, enten det blir spela ut av politiske taktikarar, idealistar eller kapitalistar, om argumenta er reelle eller vikarierende. Når irreversible og evigvarande inngrep som trugar urørt natur og naturmangfoldet kan grunnleggjast med at dei er klimavennlige, er posisjonen moralsk overlegen. Klima er gangbar overbygning over det basiske profittjaget. Det er vel ikkje noe galt i å tena pengar på å redda verden?

VERTSKOMMUNANE for kraftutbygging i Norge er også utmarks-kommunar, utkantkommunar og turistkommunar. Naturressursar er deira viktigaste gode, og det har dei gitt frå seg til storsamfunnet, men gjennom konsesjonsavgifter og skattar er dei ganske rikelig kompensert for inngrep og ulem-



FYLLER OPP: Billig energi skal brukast i Sogn og Fjordane.

per. Dei er skeptiske til dei største planane, men er villige til å ofra mye dersom dei får godt betalt i form av skatteinntekter, næringsfond, kompetanse og arbeidsplassar. Hovudfienden deira er ikkje staten og energindustrien, men Statnett. «Rovdyrtap blir erstatta, men korfor skal ikkje det same gjelda når rovdyrret heiter Statnett?», spør ordføraren i vasskraftkommunen Sirdal.

I NYTTÅRSTALEN i 2001 sette Jens Stoltenberg sluttstrek for den hundreårige vannkraftepoken i det norske industrisamfunnet: «Vi har nådd en grense». Han avvyste planlagde utbyggingar av nye vassdrag med desse orda: «Jeg vet at dette er en beslutning som vil vekke strid. Men fordelene ved disse utbyggingene er ikke store nok til at de



å pumpa opp vann til magasinene og lagrast der til krafta trengs og prisane stig – etter sesong, men også på døgnbasis. Dette bildet er fra Aurland. Foto: William Mikkelsen

forsvarer de ugjenkallelige inngrepene i naturen. Ubenørt natur får en stadig større verdi».

STOLTENBERG har lada om i 2011. I møte med den britiske statsminister Cameron og nordiske og baltiske kollegar i London i januar, kasta han seg med begeistring på ideen om betre flyt i energimarknaden for å gjere norsk vannkraft til et oppladbart batteri for store delar av Europa. Han sa han rett nok at han ikkje kjøpte modellen ukritisk, men ville vurdere konsekvensane for straumpris og kraftforsyning på heimebane. Naturinngrepa nemnde han ikkje. Men han finn sikkert eit retorisk smutthol ut av nyttårstalsens brageløfte ved å kalla den voldsomme omkalfatinga av den norske fjellheimen for å halda ved like og ta vare på det som er bygd ut.

NATUR OG UNGDOM HAR fostra ein heil generasjon av dyktige fagfolk, politikarar og lobbyistar. Dei fyller stadig store delar av feltet, men har gått ulike vegar. Du finn tidligere leiara som statssekretær og partisekretær i den grønne delen av SV, men også ein statistisk klimaskeptikar og ein industrivennlig oppdragsforskningsdirektør.

Frederic Hauge og Rune Håland starta sin eigen butikk i 1986, og Bellona har i dag 75 tilsette. Einar Håndlykkens Zero har 30. Lista over deira støttespelarar er som ein katalog over alle dei store i det norske energi-industrielle komplekset, men også noen i imagebygningsbransjen. Hos Bellona er Statnett den sikreste gjengangaren, mens Zero flaggar hotelljeden Choice og ekteparet Stordalen.

MILJØSTIFTELSENE HAR forlate det naturvernet dei grov seg ut av og spelar på lag med kraftbransjen. Dei har kunnskap og påvirkningskraft og integritet, men det er vel ingen grunn til å tru at Hauge og Håndlykken går kraftbransjen til hån, sjøl om dei er nyttige argument- og ideologileverandørar. Klima er in og natur er out. Klimaråd er kapitalisert og lønner seg, mens naturvernørsla er ein raritet og ei fatiglig attergryme. Ho framstår i ein skjeggete og fortidig ham som dei framgangsrike aktivistane har kasta av seg, til fordel for noe som kastar meir av seg.

Når miljøstiftelsane har frigjort seg frå sitt opphav og gått til sengs med kraftindustrien, er tida inne for ein kraftig dose klassisk naturvern. Før krafttrolla kjem og tar oss og puttar oss i det grønne energigryta.



FRA VANN TIL VIND? I Nyttårstalen i 2001 sette Jens Stoltenberg sluttstrek for den hundreårige vannkraftepoken i det norske industrisamfunnet: «Vi har nådd en grense». I 2011 var tonen en annen. Foto: Jacques Hvistendaahl

Klimatiltakene en større trussel mot norsk natur enn klimaendringene.